



**Kunnskapsdepartement**  
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Vår dato: 02.01.2008  
Vår ref: 2007/2189 - 3/2008 / A10  
Dykkar ref:

## Høring om endringer i barnehageloven

Vedlagt sender me uttale til endringer i Lov om barnehager frå Stord kommune :

### Saksprotokoll i Komité for oppvekst og utdanning - 18.12.2007

#### 9/07 ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - HØYRINGSUTTALE:

##### Uttale:

Stord kommune ved Komite for oppvekst og utdanning tek til etterretning at lovfesting av rett til barnehageplass for barn som har fylt eitt år no vert konkret foreslått. Kommunen er innforstått med dei plikter denne rettsfestinga påfører kommunen. Stord kommune vil likevel peika på at det ikkje vil vera mogleg å fastsetja nøyaktige prognosar for kor mange barnehageplassar som til ei kvar tid vil verta etterspurt. Det må difor leggjast til rette for at kommunane sin økonomi kan bera ein viss overdekning i tal på plassar. I tillegg må det vera eit regelverk som er fleksibelt nok til at kommunane på mellombels basis kan dispensera frå dei generelle krava til bygningar og personale.

Komite for oppvekst og utdanning har merkt seg at finansieringa av barnehagane vert lagt inn i rammetilskotet til kommunane frå og med 2010. Det vert i den samanheng understreka at finansieringa må byggja på prinsippet om fullfinansiering av reformer og på eit system som er nøytralt i høve til del på kommunale og private barnehageplassar i den einskilde kommune.

Komiteen vil peika på at ettersom det er kommunen som har plikta til å stilla barnehageplassar til rådvelde, må også overføringa av tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane skje via kommunen. Kommunane må med bakgrunn i det utarbeida regelverk for tilskota etter prinsippet om likeverdig økonomisk handsaming av private og kommunale barnehagar med heimel til å stilla dei same kvalitetskrav til private og kommunale barnehagar.

Komiteen stiller seg positiv til innhenting av naudsynnte data i barnehagesektoren, men forventar at staten følgjer opp med ressursar i høve til meirarbeidet dette krev av kommunane.

##### Handsaming:

Samrøystes vedteke.

Med helsing

*Sonja Sangolt*  
Sonja Sangolt  
Barnehagekonsulent

